


05å

FISKERIDIREKTORATET  
BIBLIOTEKET

22 APR. 1993

A R S M E L D I N G

1 9 9 2



FISKERIRETTLEIAREN

I

HARAM, SKODJE, ØRSKOG,  
VESTNES OG RAUMA

3038/1150

## F O R O R D

I fylgje lova om rettleiingstenesta i fiskerinæringa, og paragraf 10 i instruks for fiskerirettleiatarar, skal fiskerirettleiaren utarbeide årsmelding med oversikt over dei ulike gjeremål ved fiskerikontoret det føregåande år.

Årsmeldinga skal gi eit anvendelig bilet av utviklinga innan distriktets fiskerinæring i beretningsåret. Den representerer som sådan eit viktig hjelpemiddel i sakshandsaminga for fiskerinemnda og fiskerirettleiari, og ventleg også for kommunepolitikere i deira arbeid med næringsverksemd.

Årsmeldinga er utarbeidd av underskrivne fiskerirettleiari, og den er i tråd med Fiskeridirektoratets reviderte opplegg for "standardisering av årsmeldingar for fiskerirettleiatarar", likevel med unntak av einskilde endringar tilpasset vårt distrikt.

Brattvåg, 15. april 1993

---

Olav Flaa

## I N N H A L D S L I S T E

	Side
<b>SAMANDRAG</b>	<b>4</b>
<b>1. RETTLEIINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON</b>	
1.1. Kort om rettleiardistriktet	8
1.2. Fiskerikontoret	11
1.3. Personalet	11
1.4. Korrespondanse	11
1.5. Rettleiing og informasjon	11
1.6. Møteverksemd/viktige prosjekter	12
1.7. Deltakelse i utval, nemnder, råd og komiteer	12
1.8. Fiskerinemnder	13
1.9. Møteverksemd i fiskerinemndene	14
<b>2. SYSSELSETTINGA I FISKERINÄRINGA</b>	
2.1. Sysselsetting i fisket	15
2.2. Sysselsetting i foredlingsleddet	17
2.3. Sysselsetting i oppdrettsnäringa	18
<b>3. FISKEFLÄTEN</b>	
3.1. Merkeregisteret	19
3.2. Konsesjonsbildet for kommunane	21
<b>4. FOREDLINGSLEDDET</b>	
4.1. Fiskebedriftene	22
4.2. Råstoff, produksjon- og kvantumsutvikling	23
<b>5. FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR</b>	
5.1. Oppdrett av matfisk og settefisk (laks og aure)	25
5.2. Oppdrett av andre marine fiskearter og skjeldyrking	27
<b>6. LÄNE- OG FINANSIERINGSKJELDER</b>	
6.1. Statens Fiskarbank	28

	Side
7. TILTAKSPLANAR/TILTAKSIDEAR	
7.1. Fiskeflåten	30
7.2. Foredlingsleddet	30
7.3. Akvakultur	30
8. ANDRE VERKSEMDER	
8.1. Interessante hendingar	31
8.2. Kystsoneplan	31
8.3. Fiskerihamneplan	31
8.4. Samarbeidstiltak	31
8.5. Fiskeriutdanning	32

## S A M A N D R A G

### Sysselsetting i fisket

Det totale talet på manntalsførde fiskarar i dette rettleiar-distriktet har halde seg temmeleg stabilt dei siste åra.

Ved utgangen av meldingsåret var det i alt registrert i underkant av 690 fiskarar i distrikttet. Av desse er det omlag 600 fiskarar som står på blad B i manntalet og har fiskeri som hovudyrke eller eineyrke, medan rundt 90 fiskarar står på blad A i manntalet og driv fiskeri stort sett som binæring.

Nesten 38 % av alle fiskarane i distrikttet, inkludert dei som står på A-lista, er under 30 år.

### Sysselsetting i foredlingsleddet

Siste året var det sysselsett i alt 124 personar ved foredlingsanlegg, og det utgjer totalt 81 årsverk. Av samla årsverk utgjer kvinnelege arbeidstakarar ca. 48 %.

### Sysselsetting i oppdrettsnæringa

Oppdrettsnæringa i distrikttet sysselsatte i 1992 i alt 91 personar på heil- og deltid, og det tilsvarer omtrent 69 årsverk.

### Fiskeflåten

Utviklinga i talet på merkeregistrerte fiskefartøy i distrikttet har i meldingsåret vore stabil.

Totalt var det per 31.12. registrert 106 fartøy. Av desse er det 80 fartøy som soknar til Haram kommune. Tilnærmet 45 % av fiskeflåten i Haram består av fartøy i storleiksgruppa over 10 meter, medan 26 % av fartøya er i gruppa over 30 meter. Desse er alle havgåande fartøy samansett av fabrikktrålarar, ringnotfartøy og autolinefartøy. Når det gjeld aldersfordelinga er godt over 70 % av fiskeflåten bygd etter 1970.

Haram kommune har ein stor og variert fiskeflåte. På grunn av fornying, ombygging og modernisering av flåten frå midten i 80-åra og fram til no, har både standard og alderssamsetning utvikla seg i positiv retning.

Trass i alt dette vil det likevel i nærmaste framtid vere behov for ytterlegare fornying av fiskeflåten. Dette for å ikkje verte akterutsegla i konkurransen med andre nasjoner som det er naturleg å samanlikne seg med.

Lønsemda for dei fleste fartøygruppene har utvikla seg i positiv retning i meldingsåret, dels fordi fartøykvotene auka og dels fordi det var høge prisar på fisken.

Når det gjeld reketrålarane si lønsemnd er biletet eit anna. På grunn av innblanding av mykje fisk i rekefangstane frå Barentshavet/Svalbardsona blei ofte fartøya dirigert bort frå områda og dermed hindra i å drive lønsamt.

Ser ein på talet på merkeregistrerte fartøy i dei 4 andre kommunane i distriktet finn ein følgjande utviklingsmønster:

I Skodje var det pr. 31.12. registrert i alt 6 fartøy. Dette er 1 fartøy mindre enn året før. Samtlege av fartøya var under 10 meter lengde. Alle desse fartøya var bygd etter 1970.

I Ørskog var det pr. 31.12. berre 1 merkeregistrert fartøy. Det er det same som året før. Fartøyet var under 10 meter lengde og bygd etter 1970.

I Vestnes var det pr. 31.12. registrert i alt 15 fartøy, og dette er det same som året før. 12 av fartøya var under 10 meter lengde. Tilnærmet 60 % av fartøya var bygd etter 1970.

I Rauma var det pr. 31.12. registrert i alt 4 fartøy, og dette er 1 fartøy mindre enn året før. Alle fartøya var under 10 meter lengde og var bygd etter 1970.

#### Konsesjonsbildet for kommunane

I Haram kommune var det pr. 31.12. registrert 22 konsesjonar fordelt på 13 fiskefartøy. Medan det i fjar til same tid var registrert i alt 20 konsesjonar fordelt på 12 fiskefartøy. Årsaka til auken i talet på konsesjonar i Haram skuldast tilgang på eit større ringnotfartøy i meldingsåret. Dei andre kommunane i distriktet har ikkje fiskekonsesjonar.

#### Foredlingsleddet

Det er i alt 10 fiskeforedlingsanlegg i distriktet. Av desse er 4 anlegg tilknytta oppdrettsverksemd.

### Råstoff, produksjon- og kvantumsutvikling

Dei totale leveransane av bunnfisk auka med nærmare 14.416 tonn i meldingsåret, og det er meir enn heile fjarårets islandførte kvantum. Sei, uer og torsk er dei viktigaste fiskeslaga som har hatt størst kvantumsauke. Verdien på førstehandsomsetninga av islandført kvantum bunnfisk var i overkant av 142 millioner kroner.

Samla kvantum silderåstoff auka frå 6.870 tonn i 1991 til 9.200 tonn i 1992. Dette svarar til ein prosentvis auke på ca. 34 % i meldingsåret. Silderåstoffet består hovudsakleg av makrell, prosentvis utgjer det i overkant av 90 %. Førstehandsverdien på dette råstoffet var kalkulert til omtrent 20 millionar kroner.

### Fiskeoppdrett

Ved utgangen av 1992 var det i alt 15 oppdrettskonsesjonar i distriktets kommuner, 7 for matfiskoppdrett og 8 for settefisk. Alle matfiskanlegga har hatt full produksjon i meldingsåret. Av dei 8 settefiskanlegga var det 4 anlegg som hadde produksjon.

For oppdrett av andre marine fiskearter var det registrert 9 konsesjonar. Men berre 6 av anlegga var i drift i meldingsåret.

### Skaldyr

Når det gjeld oppdrett av skaldyr var det i alt registrert 13 konsesjonar. I meldingsåret vart det hausta inn østers frå anlegget til Viking Fjord Skjell på Vågstranda i Rauma kommune. Men etter det ein har kjennskap til er det hittil ikkje sett ut nytt parti med østersyngel i området. Utanom skjeldyrkinga og produksjonen ved anlegget på Vågstranda, er det ikkje registrert leveransar av noko større mengd dyrka skjel for salg.

### Låne- og finansieringskjelder

Omsøkte lån i Statens Fiskarbank utgjorde ved utgangen av meldingsåret totalt 33,6 millionar kroner, medan det var ca. 25,8 millionar kroner som var omsøkt året før. Det kom inn totalt 15 søknader om lån, herav 14 søknader frå Haram kommune. Det er berre registrert innvilga lånesøknader i Haram kommune. Storparten av lånesøknadane gjeld modernisering/ombygging av fartøy. I dei siste åra er det ikkje registrert innkomne søknader om lån til nybygg i Fiskarbanken. Ein kan dermed fastslå at investeringslysten blant fiskarane i distriktet er kraftig redusert når det gjeld kontrahering av nybygg.

### Fiskeriutdanning

Gjennom fagopplæringskontoret i Møre og Romsdal er ein blitt orientert om etablering av fagutdanning for fiskarar. I løpet av 1993 kan no vante fiskarar i fylket begynne på teoridelen (yrkeslærekurs) til fagprøven. Kursa blir lagt til vidaregåande skuler i distriktene som har fiskerifaglege studieretningar.

Siste nytt innanfor fagutdanning for fiskarar er igangsetjing av 40 timers praksiskurs i grunnpraksis for fiskeindustrifaget. Kurset er meint å vere for kandidater som har godkjent yrkesteorি for fagprøven, men som manglar deler av praksiskravet for påmelding. Opplæringa skal etter planen skje i produksjonshall ved Alesund maritime skule, og der tek ein sikte på å gjennomføre praksiskurset etter påsken 1993. Ved fiskerirettleiarkontoret i Brattvåg har ein alt registrert interesse for kurset.

## 1. RETTLEDNINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON

### 1.1. Kort om rettleiardistriktet

Rettleiardistriktet består av dei fem kommunane Haram, Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma. Rauma kommune kom med i rettleiar-distriktet etter at det formelt var oppretta og er først teke med i årsmeldinga dette året. Regionen hadde pr. 01.01.93 eit folketal på 28 127. Det er ein reduksjon i folketalet på 45 personar frå same tidspunkt i fjar. Reduksjonen har hovudsakleg skjedd i kommunane Ørskog og Haram.

Når det gjeld person- og godstrafikken i distriktet er den basert både på sjøverts og landverts samband. Møre og Romsdal Fylkesbåtar syter for den rutegåande trafikken til sjøs. Denne trafikken går no både med ferje og snøggbåt. Ved sida av den vanlege buss- og godsrutekjøyringa går også mykje av godstrafikken med lastebilar.

Haram kommune hadde pr.01.01.93 eit folketal på 8 585 personar. Haram er den nordlegaste av kommunane på Sunnmøre og ligg om lag midtvegs mellom byane Ålesund og Molde. Kommunen er delt inn i eit fastlandsområde og ei øygruppe. Dei fire største av øyane strekk seg frå Vigrafjorden i sør til Harøyfjorden i nord. Berre Skodje og Vestnes har landverts grenser til Haram. Dei andre kommunane er skilde frå Haram ved fjordar og meir eller mindre opne havstykke.

Haram er ein stor fiskerikommune. I dei seinare åra er også havbruk etter kvart kome med som ein betydningsfull del av næringa. Storparten av industrien er maritim og har i meir eller mindre grad hatt sitt utgangspunkt i fiskeria. Av kommunens totale arbeidsstokk er i underkant av 2000 personar sysselsett i industri. Medan bortimot 80 % av industriarbeidsplassane er tilknytta maritim industri.

Skodje kommune hadde pr. 1. januar 1993 eit folketal på 3 337 innbyggjarar. Folketalet har vore stabilt det siste året. Skodje kommune er ein del av Ålesundsregionen og har eit stort og variert arbeidsmarked som ligg innanfor 30 minuttars reiseavstand. Mange innbyggjarar pendlar av den grunn til nabokommunane. Skogbruk og jordbruk er viktige deler av næringslivet i kommunen. Ved sida av dette er det også verksemder innanfor møbelindustri, plastindustri og trelastlager. Fiske og fiskeoppdrett er og ein viktig del av næringslivet i kommunen.

Ørskog kommune hadde pr. 1. januar 1993 eit folketal på 1 965 innbyggjarar, og det er ein reduksjon på 23 frå same tidspunkt i fjar. Kommunen ligg sentralt til på nordsida av Storfjorden som eit bindeledd mellom dei ytre kyststroka og dei indre fjordbygdene på nordre Sunnmøre. Tettstaden Sjøholt er kommune- og administrasjonssenter. Herfrå er det vegsamband som fører vidare til Ålesund og austover til Romsdal og Austlandet. Kommunen har på det viset god geografisk beliggenhet og gode kommunikasjonstilhøve. Hovudvekta i næringane ligg innanfor varehandel, service, møbelindustri og bygg og anlegg. Landbruksnæringane er og ein viktig del av næringslivet og for sysselsetjinga i kommunen. Sjølv om det er berre eit fåtal registrerte fiskarar, er fiske saman med oppdrett-snæringa i kommunen viktig for busetjinga.

Vestnes kommune hadde pr. 1. januar 1993 eit folketal på 6 450 personar, og det er ein auke på 3 innbyggjarar samanlikna med i fjar. Vestnes er ein stor industrikkommune der skipsbyggingsindustrien er den dominerande del. Ved sida av dette finst det også berekraftig jordbruksdrift i deler av kommunen. Fiske og fiskeoppdrett inngår også som ein del av næringslivet og spelar ein viktig rolle når det gjeld sysselsetjing og busetjing.

Rauma kommune hadde pr. 1. januar 1993 eit folketal på 7 790 innbyggjarar, og det er ein reduksjon på 3 frå same tidspunkt i fjar. Rauma kommune er ein av dei største kommunane i fylket med eit areal som nesten er like stort som Vestfold fylke. Men berre 1/7 av arealet er produktiv jord og skog. Resten er for det meste fjellområder. Tettstaden Andalsnes er kommune- og administrasjonscenter. Herfrå går det jernbane til Austlandet. E 69 går gjennom kommunen, og det er daglege bussforbindelser til Ålesund, Molde og Kristiansund. Til flyplass i Molde er det 1 1/2 times køyring og til flyplass i Ålesund er det ca. 2 timer. Rauma er ein stor jordbrukskommune. Men kommunen har også monalege industriverksemder innanfor konfeksjon, møbel, betongvarer og bygg/anlegg. Service og varehandel er og ein viktig del av næringslivet i kommunen. Fjordfiske og fiskeoppdrett inngår også som ein del av næringslivet og spelar ein vesentleg rolle når det gjeld sysselsetjing og busetjing.

# MØRE OG ROMSDAL FYLKE


M 1:1 000 000

7046000  
530000

## TENESTEOMRÅDE

HARAM, SKODJE, ØRSKOG,  
VESTNES OG RAUMA

- 10 -



6871000  
304000

Trykk: Statens kartverk 4-89

Utgjøve av Statens kartverk  
Fylkeskartkontoret i Møre og Romsdal



### 1.2. Fiskerikontoret

Haram er kontorkommunen til fiskerirettleiaren. Den 1. september 1989 flytta vi inn i eit større og meir tidsmessig kontorlokale i Hildre Fiskervegnfabrik sitt forretningsbygg i Brattvåg. Kontorutstyr og inventar forefinnes stort sett i naudsynt omfang på kontoret. Men ein må rekne med å skifte ut utstyr etter kvart som det blir nedslitt.

### 1.3. Personalalet

Fast bemanning ved fiskerikontoret er kun fiskerirettleiar. Olav Johan Flaa var i meldingsåret fast ansatt som fiskerirettleiar. Fra 19. oktober til 31. desember 1992 var Anette Lie ansatt som kontormedarbeidar under ordninga "Praksis plass".

Retningsgivande for kontorets verksemd er instruks for fiskerirettleiarar, fastsatt i medhold av lov nr. 42 av 11. juni 1982 om rettleiingstenesta i fiskerinæringa.

### 1.4. Korrespondanse

Av brevjournalen for inn- og utgående skriv for fiskerikontoret i Haram, Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma framgår følgjande antalsfordeling dei siste 3 år:

År	1990	%-vis	1991	%-vis	1992	%-vis
Ant. inng. skriv	557	43	686	42	609	46
Ant. utg. skriv	735	57	951	58	722	54
Ant. totalt	1292	100	1637	100	1331	100

I meldingsåret var tala på utgående skriv 722 stk., d.v.s. 54% av den totale mengde inn. og utgående skriv.

### 1.5. Rettleiing og informasjon

Ein registrerer at det stadig er behov for rettleiing og informasjon til næringa sine utøvere.

### 1.6. Møteverksemd/viktige prosjekter

Fiskerirettleiaren har i meldingsåret hatt ein god del møteverksemd, både i og utanfor tenestedistriktet. Ein kan her eksempelvis nemne:

- Samling for rettleingstenesta i Møre og Romsdal på Union Hotell i Geiranger 5.-6. mars.
- "Møretrim-92" - øving i sivilt beredskap i Brattvåg 17.-18. mars.
- Banklineseminar i Ålesund 5.-6. oktober.
- Deltaking i Sunnmøre Fiskarlags årsmøte i Ålesund 7.-6. november.
- Deltaking i Romsdal Fiskarlags årsmøte i Molde 13.-14. november.
- Div. møter i lokale fiskarlag.
- Div. møter med båteigarar vedr. erstatning for orkanskader.

Av relativt store og viktige prosjekter i distriktet som har engasjert fiskerirettleiaren i meldingsåret, kan ein til dømes nemne:

- Havbruksoffensiven 1992. Inspeksjon av oppdrettsanlegg i distriktet.
- Arbeid i samband med smittehygienisk organisering av oppdrettsnæringa i Møre og Romsdal.
- Registrering av oppdrettslokalitetar i distriktet.
- Regulering av fisket etter torsk med konvensjonelle reiskap i 1992.
- Budsjettnevnda for fiskerinæringa - storbåtundersøkelsen 1992.
- RUBIN - kartlegging av straumen av marine biprodukt i fylket.

### 1.7. Deltakelse i utval, nemnder, råd og komiteer

#### Merkelovens tilsynsmann

I henhold til instruks for fiskerirettleiaraar paragraf 6, skal fiskerirettleiaren inneha stillinga som merkelovens tilsynsmann. For tida fungerer fiskerirettleiaren som merkelovens tilsynsmann i kontorkommunen, d.v.s. i Haram, samt kommunane Vestnes, Rauma, Ørskog og Norddal. Arbeidet består i å holde merkeregisteret ajour, skrive ut merkebrev til fartøyeigarar, foreta endringar i merkeregisteret og ekspedere dette vidare til Fiskerisjefen i Møre og Romsdal.

### Fiskarmannntalsnemnda

I henhold til instruks for fiskerirettleiarar paragraf 2, skal fiskerirettleiaren føre manntalet for fiskarar og fangstmenn m.v. i kontorkommunen, samt andre deler av tenestedistriktet der dette blir bestemt. For tida fungerer fiskerirettleiaren som manntalsførar for kommunane Haram, Skodje og Ørskog. Vestnes kommune har eigen manntalsførar.

### 1.8. Fiskerinemnder

I meldingsåret vart det vald nye fiskerinemnder for perioden 1992-1995. Dei sittande fiskerinemndene har slik samansetning av medlemmer og varamedlemmer i kontorkommunen:

#### Haram fiskerinemnd

Leiar:	Eldar Fjørtoft,	6294 Fjørtoft
Nestleiar:	Hans P. Tomren,	6290 Haramsøy
Medlem:	Sebjørn Vestre,	6270 Brattvåg
Medlem:	Magnhild Holmeset,	6265 Vatne
Medlem:	Norvald Lausund,	6292 Kjerstad
Varamedlemer:	Reidun B. Urkedal,	6265 Vatne
	Oddvar Urkedal,	6265 Vatne
	Gudmund Fjørtoft,	6294 Fjørtoft
	Oddbjørg Flem,	6293 Longva
	Eldar Volstad,	6280 Søvik

I dei øvrige kommunane i distriktet er medlemmene i dei nye fiskerinemndene lista opp slik:

#### Felles fiskerinemnd - Skodje, Ørskog, Norddal og Stordal

Leiar:	Helmar Vik,	6260 Skodje
Nestleiar:	Sindre Remøy,	6240 Sjøholt
Medlem:	Reidar Nystøyl,	6260 Skodje
Medlem:	Vidar Hareide,	6215 Eidsdal
Medlem:	Norma Rødset,	6250 Stordal

#### Felles fiskerinemnd - Vestnes og Rauma

Leiar:	Knut Romestrand,	6380 Tresfjord
Nestleiar:	Rolf Larsen,	6393 Tomrefjord
Medlem:	Grete Eik,	6394 Fiksdal
Medlem:	Per G. Voldset,	6386 Måndalen
Medlem:	Olav O. Talberg,	6387 Vågstranda

Fiskerinemnda si verksemd er bestemt i lova om rettleiingstenesta som trådte i kraft 11. juni 1982. Saker som har å gjere med Statens Fiskarbank er underlagt særlov.

#### 1.9. Møteverksemd i fiskerinemndene

I Haram kommune er det halde 3 vedtaksføre møter i fiskerinemnda i meldingsåret med ei samla møtetid på 13,5 timer. Totalt vart det handsama 18 saker og ca. 100 referatsaker.

Felles fiskerinemnd for Skodje, Ørskog, Norddal og Stordal, samt fiskerinemnda for Vestnes og Rauma har ikkje halde møter i meldingsåret.

Totalt sett har det vore ein nedgang i antal saker som er handsama på fiskerinemdsmøter i 1992, samanlikna med føregåande år.

Medan den administrative handsaminga av saker ved fiskerirettleiarkontoret har auka monaleg, også i dette meldingsåret.

## 2. SYSELSETTINGA I FISKERINÄRINGA

### 2.1. Sysselsetting i fisket

Fiskarmanntalet brukes som indikator på sysselsettinga innan fisket. Fiskarmanntalet omfatter personar som driv sjøfiske, kval- eller selfangst. Medrekna er også mannskap på fiskebåtar sjølv om dei ikkje tek direkte del i fisket, t.d. stuertar, maskinistar m.v.

Reglane for oppsett av fiskarmanntalet er endra etter lov av 11.juni 1982 om rettleiingstenesta i fiskerinäringa. Forskrifter fastsatt 26. september 1983 av Fiskeridepartementet set bestemte krav til tid i fiske og til minimum inntekt frå fiske.

Manntalet skal vere organisert i to deler, blad A og blad B. Blad A skal vere eit register over personar som har fiske eller fangst som biyrke. Blad B skal vere eit register over personar som har fiske eller fangst som hovudyrke.

#### Fiskarmanntalet

I nedanståande tabeller er fiskarmanntalet oppsett for kvar kommune i retteliardistriktet og syner manntalsførde fiskarar fordelt på aldersgrupper og fiske eller fangst som levevei i tidsrommet 1990 til 1992. Tala referer til 31.12. kvart år.

Tabell 2.1.1.: Fiskarmanntalet i Haram kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1990 til 1992.

År	Inn-deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Totalt
90	Blad A				1	4	21	37	63
	Blad B	41	139	84	63	48	27		402
	Totalt	41	139	84	64	52	48	37	465
91	Blad A			1	1	6	26	39	73
	Blad B	37	132	79	65	42	24	1	380
	Totalt	37	132	80	66	48	50	40	453
92	Blad A			1	1	5	26	42	75
	Blad B	32	142	80	58	47	21	1	381
	Totalt	32	142	81	59	52	47	43	456

### Kommentarer

Som det går fram av tabell 2.1.1. har det i alt vore berre små endringer i talet på manntalsførde fiskarar i Haram kommune dei siste åra. Av det totale talet på manntalsførde fiskarar i 1992 er 38 % under 30 år, og det er omrent same prosenttal som i fjar.

Tabell 2.1.2.: Fiskarmannatalet i Skodje kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1990 til 1992.

År	Inn-deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Totalt
90	Blad A				1	1		2	4
	Blad B	2	14	14	3	4	1		38
	Totalt	2	14	14	4	5	1	2	42
91	Blad A				1	1	2	2	6
	Blad B	2	13	12	8	5			40
	Totalt	2	13	12	9	6	2	2	46
92	Blad A					1	1	2	4
	Blad B	1	17	9	8	5	1		41
	Totalt	1	17	9	8	6	2	2	45

I Skodje kommune har det vore liten endring i talet på manntalsførde fiskarar dei siste 3 åra. Av alle manntalsførde fiskarar i 1992 er 40 % under 30 år, medan det i fjar var ca. 33 %.

Tabell 2.1.3.: Fiskarmannatalet i Vestnes kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1990 til 1992.

År	Inn-deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Totalt
90	Blad A			1	1	2	6	2	12
	Blad B	8	61	18	8	5	1		101
	Totalt	8	61	19	9	7	7	2	113
91	Blad A			1		2	6	1	10
	Blad B	20	68	31	9	5	3		136
	Totalt	20	68	32	9	7	9	1	146
92	Blad A			1		1	6	2	10
	Blad B	16	73	33	9	5	2		138
	Totalt	16	73	34	9	6	8	2	148

Talet på fiskarar i Vestnes har halde seg ganske stabilt dei siste åra. Totalt sett utgjorde aldersgruppa under 30 år heile 60 % i meldingsåret. Det er det same prosenttalet som året før.

Tabell 2.1.4.: Fiskarmannatalet i Rauma kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1990 til 1992.

År	Inn-delning	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Totalt
90	Blad A				1		4	1	6
	Blad B	1	11	5	1	1	1		20
	Totalt	1	11	5	2	1	5	1	26
91	Blad A					1	2		3
	Blad B	3	15	3	2	1			24
	Totalt	3	15	3	2	2	2		27
92	Blad A					1	2		3
	Blad B	1	19	5	2	1			28
	Totalt	1	19	5	2	2	2		31

I Rauma kommune har talet på manntalsførde fiskarar halde seg nokså stabilt dei siste 3 åra. Aldersgruppa under 30 år utgjorde bortimot 65 % totalt sett.

I Ørskog kommune er det berre registrert eit lite antal fiskarar.

Til saman var det 8 manntalsførde fiskarar i meldingsåret, og det har vore lita endring dei siste åra.

## 2.2. Sysselsetting i foredlingsleddet

Tabell 2.2.1.: Sysselsetting i foredlingsleddet i Haram.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.
90	42	21	63	9	23	32	46	34	80
91	40	24	64	20	41	61	44	40	84
92	39	24	63	20	41	61	42	39	81

I begrepet heltidstilsette regnes personar som er i arbeid ved eit av kommunens foredlingsanlegg i minst 10 mnd. pr. år. Arbeidsfritt som følgje av produksjonsstopp regnes ikkje som fradrag i denne samanheng.

Siste året er det 8 foredlingsanlegg som har vore i drift, og sysselsettinga innan foredlingsleddet utgjer i alt 81 årsverk.

Av samla årsverk i foredlingsleddet utgjer kvinnelege arbeidstakarar ca. 48 % i meldingsåret.

### 2.3. Sysselsetting i oppdrettsnæringa

Tabell 2.3.1.: Sysselsetting i oppdrettsnæringa i Haram, Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.
90	26		26	17	17	34	32	9	41
91	28		28	18	21	39	36	10	46
92	48	1	49	20	22	42	58	11	69

Oppdrettsnæringa i dette distriktet sysselsatte i 1992 i alt 91 personar på heil- og deltid, og det tilsvarer omrent 69 årsverk.

Aukinga i talet på sysselsatte i oppdrettsnæringa i meldingsåret skuldaast i det vesentlege at Rauma kommune vart innlemma i distriktet dette året, med i alt 19 årsverk.

### 3. FISKEFLÅTEN

#### 3.1. Merkeregisteret

Tabell 3.1.1.: Merkeregisteret pr. 31.12.92 i Haram.

Antal fartøy					
Lengde i meter	Status 01.01.	Avgang	Tilgang	Status	31.12.
0,00 - 4,99	1	0	0	1	
5,00 - 9,99	44	2	1	43	
10,00 - 14,99	14	2	3	15	
15,00 - 19,99	0	0	0	0	
20,00 - 29,99	0	0	0	0	
30,00 - over	21	1	1	21	
Totalt	80	5	5	80	

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Tabell 3.1.2.: Fiskeflåten i Haram - aldersfordeling.

Byggeår							
Lengde i meter	Totalt	00-50	50-59	60-69	70-79	Et.79	Uoppgitt
0,00 - 4,99	1	0	1	0	0	0	0
5,00 - 9,99	43	1	3	3	19	15	2
10,00 - 14,99	15	3	3	0	5	3	1
15,00 - 19,99	0	0	0	0	0	0	0
20,00 - 29,99	0	0	0	0	0	0	0
30,00 - over	21	0	0	5	9	7	0
Totalt	80	4	7	8	33	25	3

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

#### Kommentarer til fartøyutviklinga

Haram:

Som det framgår av tabell 3.1.1. er det i Haram pr. 31.12.92 registrert i alt 80 fartøy. Dette er det same talet på merke-registrerte fartøy som i 1991.

Tilnærmet 45 % av fiskeflåten består av fartøy i storleiksgruppa over 10 meter, medan 26 % av fartøya er i gruppa over 30 meter. Dette er omtrent same %-vis fordeling som førre meldingsår.

Når det gjeld aldersfordelinga er 72 % av fiskeflåten bygd etter 1970, og det er ein auke på 2 % samanlikna med året før.

Av i alt 21 fartøy i storleiksgruppa over 30 meter finn ein at 16 fartøy er bygd etter 1970. Dette tilsvarer omtrent 76 % av fartøya i denne storleiksgruppa.

Haram kommune har ein stor og variert fiskeflåte. Både standard og alderssamsetning har stort sett utvikla seg i positiv retning dei siste åra.

Likevel vil det i nærmaste framtid vere behov for ytterlegare fornying av flåten. Dette for å ikke verte akterutsegla i konkurransen med andre nasjoner som det er naturleg å samanlikne seg med.

#### Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma:

Ser ein på dei øvrige kommunane i distriktet finn ein at det ikkje har vore større endring i talet på merkeregistrerte fartøy i meldingsåret. I alt er det ein reduksjon på 2 fartøy.

I Skodje var det pr. 31.12. registrert i alt 6 fartøy. Dette er 1 fartøy mindre enn året før. Samtlege av fartøya var under 10 meter lengde. Alle desse fartøya var bygd etter 1970.

I Ørskog var det pr. 31.12. berre 1 merkeregistrert fartøy. Det er det same som året før. Fartøyet var under 10 meter lengde og bygd etter 1970.

I Vestnes var det pr. 31.12. registrert i alt 15 fartøy, og dette er det same som året før. 12 av fartøya var under 10 meter lengde. Tilnærmet 60 % av fartøya var bygd etter 1970.

I Rauma var det pr. 31.12. registrert i alt 4 fartøy, og dette er 1 fartøy mindre enn året før. Alle fartøya var under 10 meter lengde og var bygd etter 1970.

### 3.2. Konsesjonsbildet for kommunane

Tabell 3.2.1.: Kommunevis fordeling av konsesjonar og fiskeløyve i distriktet pr. 31.12.92.  
Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Kommune	TORS	VASS	INDU	REKE	RING	LODD	KOLM	SNUR	BRIS	NSJØ	SUM
Haram	4	2	1	2	4	3	4			2	22
Skodje											
Ørskog											
Vestnes											
Rauma											
Totalt	4	2	1	2	4	3	4			2	22

TORS: torsketrålkonsesjon

VASS: løyve til å drive trålfiske etter vassild

INDU: industritrålkonsesjon

LODD: løyve til å trålfiske etter lodde og polartorsk

KOLM: løyve til å avgrensa tråling etter kolmule

REKE: rekekonsesjon

RING: ringnotkonsesjon

BRIS: brislingløyve

SNUR: snurrevad

NSJØ: nordsjøtrålkonsesjon

### Kommentarer til konsesjonane

Av tabellen ser ein at i Haram kommune var det pr. 31.12. registrert i alt 22 konsesjonar. Det er 13 fiskefartøy som har desse konsesjonane.

Medan det i fjor til same tid var registrert i alt 20 konsesjonar fordelt på 12 fiskefartøy.

Arsaka til auken i talet på konsesjonar i Haram skuldast tilgang på eit større ringnotfartøy i meldingsåret.

Dei øvrige kommunane i distriktet har ikkje fiskekonsesjonar.

#### 4. FOREDLINGSLEDDDET

##### 4.1. Fiskebedriftene

Tabell 4.1.1.: Antal tilverkingsverksemder (landanlegg) pr.  
31.12.92.

Kommune	Total	Fersk-fisk	Filet Frys	Tørr-fisk	Salt-fisk	Klipp-fisk	Røyking	Silde-salting
		pakkning						
Haram	8	5	7	4	7	4	1	2
Skodje	1	1	1	-	-	-	-	-
Ørskog	1	1	1	-	-	-	1	-
Vestnes	-	-	-	-	-	-	-	-
Rauma	-	-	-	-	-	-	-	-
I alt	10	7	9	4	7	4	2	2

Tabell 4.1.1. syner talet på tilverkingsverksemder og dei vanlegaste produksjonsformer i distriktet.

Det er i alt 10 fiskeforedlingsanlegg. Av desse er 4 anlegg tilknytta oppdrettsverksemde.

Bedriftene i distriktet er lokalisert slik:

- |                   |   |
|-------------------|---|
| Brattvåg:         | Rognes Fisk, adr. Brattvåg                |
|                   | Gjendemsjø Marketing A/S, adr. Brattvåg   |
| Hellandshamn:     | Vestre Seafood A/S, adr. Brattvåg         |
| Grytestrand:      | Grytestrand Fiskeindustri A/S, adr. Vatne |
|                   | Ingolf Engeset A/S, adr. Vatne            |
| Lepsøy:           | Lepsøy Fiskeindustri A/S, adr. Kjerstad   |
| Fjørtoft:         | Arne O. Fjørtoft, adr. Fjørtoft           |
| Flemsøy:          | Karsten Flem A/S, adr. Longva             |
| Stette i Skodje:  | Stettefisk A/S, adr. Skodje               |
| Sjøholt i Ørskog: | Sunnmøre Røykeri A/S, adr. Sjøholt        |

#### 4.2. Råstoff, produksjon- og kvantumsutvikling

Tabell 4.2.1.: Ilandført kquantum bunnfisk i Haram kommune.  
Kvanta i tonn rund vekt.

År	Torsk	Sei	Hyse	Lange/brosme	Annet	Totalt
1990	790	2.705	133	2.635	2.498	8.761
1991	1.375	4.258	338	3.344	1.705	11.020
1992	4.428	11.550	1.418	3.053	4.987	25.436

Kjelde: Fiskeridirektoratet/Sunnmøre og Romsdals Fiskesalslag.

#### Kommentarer

##### Bunnfisk

Tabell 4.2.1. syner at dei totale leveransane av bunnfisk auka med nærmare 14.416 tonn i meldingsåret.

Dersom ein tek føre seg dei einskilde fiskesлага kan ein registrere følgjande utvikling i meldingsåret:

Leveransane av torsk auka i 1992 med heile 3.053 tonn.

Torskekvantumet utgjorde i 1992 ca. 17 % av det totale kquantum mot ca. 12 % året før.

For det islandførte kquantum sei viser tala ein auke på heile 7.292 tonn i høve til i 1991. Seien utgjorde i 1992 ca. 45 % av det totale kquantum mot ca. 39 % året før.

Årets hysekvantum auka med heile 1080 tonn. Hysa utgjorde omtrent 6 % av det totale kquantum i 1992 mot berre 3 % året før.

Leveransane av fiskesлага lange og brosme syner ein reduksjon på 291 tonn samanlikna med året før. Desse fiskesлага utgjorde i 1992 ca. 12 % av det totale kquantum mot ca. 30 % året før.

Ilandført kquantum av andre fiskeslag syner ein auke på 3.282 tonn i meldingsåret. Andre fiskeslag utgjorde i 1992 omtrent 20 % av det totale kquantum mot ca. 15 % året før.

Mesteparten av torskeråstoffet var nytta til produksjon av salt-fisk og klippfisk. Medan ein del av råstoffet er islandført kun for leigefrysing.

Samla verdi på førstehandsomsetninga av islandført kvantum bunnfisk var i 1992 i overkant av 142 millionar kroner.

#### Skaldyr

I 1992 var det islandført totalt 267 tonn skaldyr, vesentleg reke. Medan det i fjor vart islandført eit samla kvantum på omlag 246 tonn. Dette er ein auke på omtrent 8 %.

Verdien av førstehandsomsetninga på skaldyr var i 1992 omlag 11,5 millionar kroner.

#### Pelagisk fisk

Samla kvantum silderåstoff i Haram kommune auka frå 6.870 tonn i 1991 til 9.200 tonn i 1992. Dette svarar til ein prosentvis auke på ca. 34 % i meldingsåret.

Det islandførte kvantum silderåstoff består hovudsakleg av makrell, prosentvis utgjer det i overkant av 90 %.

Samla førstehandsverdi på dette råstoffet var i 1992 kalkulert til omtrent 20 millionar kroner.

I kommunane Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma er det relativt liten fiskeriaktivitet i "tradisjonell betydning" både når det gjeld islandført fiskefangst og tilvirkningsverksemd på land. Kommunane er difor utelatt i årsmeldinga i denne samanheng.

## 5. FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR

### 5.1. Oppdrett av matfisk og settefisk (laks og aure)

Tabell 5.1.1.: Matfiskkonsesjonar 31.12.92.

Kommune	Antal	Oppdrettsvolum (m <sup>3</sup> )	Auke i oppdrettsvolum frå 01.01.92 til 31.12.92
Haram	3	36.000	-
Skodje	2	26.000	-
Ørskog	1	12.000	-
Vestnes	0	-	-
Rauma (1)	1	12.000	-
<b>Totalt</b>	<b>7</b>	<b>86.000</b>	<b>-</b>

Tabell 5.1.2.: Konsesjonar for settefisk (smolt) 31.12.92.

Kommune	Antal	Kapasitet settefisk x 1.000 stk.	Endring 1000 stk. frå 01.01.92 til 31.12.92
Haram	2	515	-
Skodje	1	150	-
Ørskog	0	-	-
Vestnes	1	1.000	-
Rauma (1)	4	1.900	-
<b>Totalt</b>	<b>8</b>	<b>3.565</b>	<b>-</b>

Rauma (1) kommune vart først innlemma i rettleiardistriktet dette meldingsåret.

## Kommentarer

Ved utgangen av 1992 var det i alt 15 oppdrettskonsesjonar i distriktets kommuner, 7 for matfiskoppdrett og 8 for settefisk.

Desse konsesjonane er lokalisert slik:

### Matfisk:

- Haram: 1. Vestrefjord Fisk A/S (tidl. Br. Aarsæther A/S), v/Eik i Vestrefjorden, Medøya i Vatnefjorden  
2. A/S Sølvfisk, Longvafjorden, Haramsøy  
3. A/S Gladlaks, Bratteberget, Fjørtoftfjorden, Fjørtoft, Rogne, Nogvafjorden, Flemsøy, Eggloysa, Sandøy kommune
- Skodje: 4. Mauren Laks A/S, Mauren, Skodje, mellombels lok. v/Lorgja/Grytafj. i Ålesund kommune  
5. Marius Eikremsvik A/S, Stettevikka, Skodje, tilleggslok. v/Gudmundset og ved Medøya i Haram
- Ørskog: 6. Oppdrettslaks A/S, Ørskogvika, Lisetvik, v/Gjerset i Grytafjorden, Haram kommune
- Rauma: 7. Rauma Laks A/S, Hunnesbukta i Rødvenfjorden, Lybergsvikbukta i Langfjorden

### Settefisk:

- Haram: 1. Vestrefjord Fisk A/S (tidl. Br. Aarsæther A/S), Vestrefjorden, v/Eik  
2. Anne Kristin Drønnesund Tettli, Alvestadbukta, v/Sotåa
- Skodje: 3. Glomset Fiskeoppdrett A/S, Honningdalsvågen, v/Glomset
- Vestnes: 4. Sætre Settefisk A/S, Tresfjorden, v/Daugstad
- Rauma: 5. Rauma Settefisk A/S, Vågstranda  
6. Hjelvik Settefisk A/S, Hjelvikbukta, v/Hjelvik  
7. Hamre Settefisk A/S, Rødvenfjorden, v/Hamre  
8. Rauma Sea Farm A/S, Skorgen

Alle matfiskanlegga har hatt full produksjon i meldingsåret.

Av dei 8 settefiskanlegga i distriktets kommuner var det 4 anlegg som hadde produksjon i meldingsåret.

5.2. Oppdrett av andre marine fiskearter og skjeldyrking

Tabell 5.2.1.: Konsesjonar for andre marine fiskearter og skaldyr fordelt på kommuner pr. 31.12.92.

Kommune	Ant.	Andre marine fiskearter					Skaldyr	
		Torsk	Kveite/ piggvar	Sjørøye	Ål	Volum (m <sup>3</sup> )	Ant.	Areal (dekar)
Haram	5	1	4	-	-	6.000	9	32
Skodje	-	-	-	-	-	-	-	-
Ørskog	1	-	-	-	1	1.000	1	1,5
Vestnes	-	-	-	-	-	-	-	-
Rauma	3	2	1	-	-	15.600	3	12
Totalt	9	3	5	-	1	22.600	13	45,5

Ved utgangen av 1992 var det i alt registrert 9 konsesjonar for oppdrett av andre marine fiskearter enn laks og aure. Samla oppdrettsvolum var på 22.600 kbm. Berre 6 av anlegga var i drift i meldingsåret, 1 anlegg for oppdrett av ål, 1 anlegg som driv forsøk med oppdrett av kveite, 1 anlegg for oppdrett av piggvar og 3 anlegg for oppdrett av torsk.

Når det gjeld oppdrett av skaldyr var det i alt registrert 13 konsesjonar.

I meldingsåret vart det hausta inn ein god del østers frå anlegget til Viking Fjord Skjell på Vågstranda i Rauma kommune. Men etter det ein har kjennskap til er det hittil ikkje sett ut nytt parti med østersyngel i området.

Utanom skjeldyrkinga og produksjonen ved Viking Fjord Skjell sitt anlegg på Vågstranda, er det ikkje registrert leveransar av noko større mengd dyrka skjel for salg.

## 6. LÅNE- OG FINANSIERINGSKJELDER

### 6.1. Statens Fiskarbank

Tabell 6.1.1.: Omsøkte og innvilga lån i perioden 1990-1992  
(1.000 kr).

#### 1) Omsøkte lån:

Kommune	År	Ant.	Fartøy	Ant.	Reds.lån	Ant.	Tilv.anl.	Ant.	Totalt
Haram	90	16	31.819	2	2.061	-	-	18	33.880
	91	9	24.878	1	900	1	60	11	25.838
	92	12	33.488	-	-	2	82	14	33.570
Vestnes	90	1	80	1	200	-	-	2	280
	91	-	-	-	-	-	-	-	-
	92	-	-	-	-	-	-	-	-
Skodje	90	1	95	-	-	-	-	1	95
	91	-	-	-	-	-	-	-	-
	92	-	-	-	-	-	-	-	-
Ørskog	90	-	-	-	-	-	-	-	-
	91	-	-	-	-	-	-	-	-
	92	1	135	-	-	-	-	1	135

#### 2) Innvilga lån:

Kommune	År	Ant.	Fartøy	Ant.	Reds.lån	Ant.	tilv.anl.	Ant.	Totalt
Haram	90	12	26.965	-	-	-	-	12	26.965
	91	10	26.878	2	1.160	1	60	13	28.098
	92	6	12.814	-	-	2	82	8	12.896
Vestnes	90	-	-	-	-	-	-	-	-
	91	-	-	-	-	-	-	-	-
	92	-	-	-	-	-	-	-	-
Skodje	90	-	-	-	-	-	-	-	-
	91	-	-	-	-	-	-	-	-
	92	-	-	-	-	-	-	-	-
Ørskog	90	-	-	-	-	-	-	-	-
	91	-	-	-	-	-	-	-	-
	92	-	-	-	-	-	-	-	-

Kjelde: Statens Fiskarbank.

Tabellen syner:

1. Antal registrerte søknadsbeløp - nye lån og overføringer for årene 1990, 1991 og 1992.
2. Innvilga lån og overføringer for dei same år.

Kommentarer

Omsøkte lån i Statens Fiskarbank utgjorde ved utgangen av meldingsåret totalt ca. 33,6 mill. kroner, medan det var ca. 25,8 mill. kroner som var omsøkt året før.

Som ein ser av tabellen ovanfor kom det inn søknader om lån i 1992 frå Haram og Ørskog kommuner. Storparten av lånesøknadane gjeld modernisering/ombygging av fartøy.

Det var ikkje registrert søknader frå Vestnes, Skodje og Rauma kommuner dette året.

Det er berre registrert innvilga lånesøknader i Haram kommune.

Det er ikkje registrert innkomne søknader om lån til nybygg dei siste åra. Ein kan dermed fastslå at investeringslysten blant fiskarane i distriktet er kraftig redusert når det gjeld nybygg.

NB: Vi gjer merksam på at noen av innvilgningane kan vere omsøkt året før, likeins kan søknader som er innkomne seint på året vere handsama året etter.

## 7. TILTAKSPLANAR/TILTAKSIDEAR

I dette kapitlet vil ein presentere/ liste opp i stikkordsform aktuelle tiltak/ prosjekter som blir vurdert som viktige for fiskerinæringa i dette distriktet.

### 7.1. Fiskeflåten

1. Sikkerhetsopplæring for fiskere - arbeide aktivt for å få flest mogleg fiskere til å delta på kursa som arrangeres.
2. Fagarbeiderutdanning innan fiske og fangstleddet - motivering av mannskap og reiar.
3. Gjeldsreduserande tiltak i fiskeflåten.
4. Merkeregisteret - gjennomgåing av merkeregisteret for fiskefartøyer i distriktet.

### 7.2. Foredlingsleddet

1. Leveransen av råstoff - bidra til å få jamne råstoffleveransar til anlegga.
2. Modernisering av foredlingsanlegga slik at dei kan ta imot råstoffleveransar frå kystflåten i distriktet.
3. Gjeldsreduserande tiltak i fiskeindustrien.
4. Marked - arbeide aktivt for å finne marked for særskilte fiskeprodukter.

### 7.3. Akvakultur

1. Plan for smittehygieniske soner i Møre og Romsdal - bidra til at oppdrettarane får lokalitetar slik at planen kan gjennomførast så snart som mogleg.
2. Havbrukskontrollen - etterkontroll av matfiskanlegga og oppfølging av inspeksjonsresultat.
3. Vidareutvikling av oppdrettsnæringa i distriktet.

I dette arbeidet inngår blant anna:

- planar om nyetablering av matfiskanlegg
- satsing på oppdrett av andre marine fiskeartar, som til dømes kveite, torsk og steinbit.

## 8. ANDRE VERKSEMDER

### 8.1. Interessante hendingar

Hausten 1992 var det ein del båtar som starta opp med å fiske etter breiflabb på kysten av Nordvestlandet. Grunna høge prisar og brukbare fangster utvikla dette seg til å bli eit lønsamt og attraktivt fiske.

Utover hausten vart det etter kvart fleire båtar som strauma til for å delta i fisket etter breiflabb.

I desember månad auka prisen på breiflabb frå 25 - 30 kroner til 40 - 45 kroner pr. kilo. Ut på nyåret falt så prisen til i underkant av 20 kroner pr. kilo.

Ein reknar med at utover våren vil prisen stabilisere seg på rundt 20 - 30 kroner for kiloet.

Det skal bli interessant å sjå korleis dette fisket vil utvikle seg vidare.

### 8.2. Kystsoneplan

I den siste tida har ein registrert tendenser til konflikter i samband med auka bruk av sjøareal. Det vil difor vere ein fordel at det blir utarbeidd ein kystsoneplan i nærmeste framtid.

### 8.3. Fiskerihamneplan

- Fiskerihamner - gjere ferdig utbygginga av Austnes fiskerihamn.
  - utdjupning (mudring) av Søvik hamn og ved Brattvåg Skipsverft.
- Fiskerikaier - utbygging av fiskerikai på Fjørtoft.

### 8.4. Samarbeidstiltak

Samdriftskontor for fiskarar - undersøkingar viser at det er liten interesse blant fiskarane for etablering av samdriftskontor i distriktet.

### **8.5. Fiskeriutdanning**

Fiskeriettleiaren har i meldingsåret gått aktivt inn og oppmuntra fiskarane til å styrke sin kompetanse i fiskaryrket ved å ta fiskerifagleg utdanning.

Gjennom fagopplæringskontoret i Møre og Romsdal er ein blitt orientert om etablering av fagutdanning for fiskarar. I løpet av 1993 kan no vante fiskarar i fylket begynne på teoridelen (yrkeslærekurs) til fagprøven. Kursa blir lagt til vidaregåande skular i distriktene som har fiskerifaglege studieretninger.

Siste nytt innanfor fagutdanning for fiskarar er igangsetjing av 40 timers praksiskurs i grunnpraksis for fiskeindustrifaget. Kurset er meint å vere for kandidater som har godkjent yrkesteknologi for fagprøven, men som manglar deler av praksiskravet for påmelding.

Opplæringa skal etter planen skje i produksjonshall ved Ålesund maritime skule, og der tek ein sikte på å gjennomføre praksiskurset etter påske 1993. Ved fiskeriettleiarkontoret i Brattvåg har ein alt registrert interesse for kurset.